



**Sosial
læreplan
Vikevåg Skule
2011 - 2012**






VISJON

Vikevåg skule er ein skule vi er stolt av!

- Skulen skal vera ein positiv og kreativ arbeidsplass for alle med samarbeid i fokus.

Skulen er oppteken av at alle skal bli møtt med omsorg, toleranse og respekt



FORORD

Arbeid med sosial kompetanse er eit område Vikevåg skule jobbar mykje med. Me er avhengige av at alle trivs saman og har det godt på skulen. Læreplanen tek utgangspunkt i dei nedfelte basisverdiane i verksemdplanen for skulen.

Kva er sosial kompetanse?

Forenkla betyr sosial kompetanse individet si evne til samspel med andre i ulike situasjonar. Her under ligg eit sett av sosiale ferdigheiter, kunnskap og haldningar som det er nødvendig for elevane å kunna.

Det er her skulen har ei viktig oppgåve, nemleg å hjelpa alle elevane til å utvikla sine sosiale ferdigheiter. Sosial kompetanse er også ein viktig faktor for å motvirka utvikling av problematferd som bl.a mobbing.

Arbeidet med sosial kompetanse er sett i system i eit årshjul som viser månadens ferdigheit. Lærarane arbeider felles om dei same ferdigheitene gjennom året. Plakater vil hengja oppe i alle klasserom, fellesareal m.m Slik ser alle kva ferdigheit me trenar på kvar månad. Årshjulet og dei sosiale ferdigheitene vil også dette skuleåret vera felles for 1. - 4. klasse.

Årshjulet er bygt opp kring ART (aggression replacement treatment). Dette er eit sosialt kompetanseprogram som Rennesøy Kommune har satsa mykje på i heile kommunen. Programmet er delt inn i tre komponentar : sosiale ferdigheiter, sinneskontrolltrening og moralsk resonnering.


I tillegg vil skulen fortsetja å bruka steg-for-steg og "det er mitt valg" som ein del av undervisninga for å utvikla den sosiale kompetansen til elevane.

Klassane arbeider med å utvikla dei sosiale ferdigheitene kvar veke. Fokus på positiv atferd blir ein viktig del av arbeidet. Planen vil i utgangspunktet brukast over ein 4-års periode. Dette fordi ART har 50 ulike ferdigheiter på småskuletrinnet som elevane kan trene på. Vi har plukka ut 11 av desse ferdigheitene som elevane skal trene på dette skuleåret. Evaluering av planen skjer på våren.



Bee my friend

Årshjul sosiale ferdigheiter



Miljø og trivselstiltak på Vikevåg skule gjennom året

For å kunna bruka dei sosiale ferdigheitene me trenar på gjennom dei ulike månadane er det viktig at elevane har både klasse - og felles aktivitetar på tvers av trinna.

Slik byggjer også skulen opp om det å vera eit inkluderande skulemiljø med mange kjekke opplevingar som skal bidra til å få den einskilde elev til å trivast. Nokre tiltak er kvar veke, andre kvar månad medan andre igjen er forbunde med høgtider og årstider.

- Uteskule
- fellesturar haust og vår
- leikegrupper
- aktivitetsdag
- KOM-prosjekt
- fellessamlingar
- songsamlingar
- skrytetime 1 gong pr. månad
- juleverkstad
- grautfest
- juleforestilling, felles
- ski/skøytedag
- vitsestafett
- karneval/maskerade annakvart år
- gongfestar
- matematikkdag
- bokdag/veke
- u-landsaksjon
- påskeverkstad
- fellesmåltider



Liten gut fortel

Eg fekk det ordet, eg var tverr,
og lei og vrang og sky og skjerr.
eg ikkje anna høyra fekk,
og sturen var eg, kvar eg gjekk.

Visst er eg vrang og vond og
sur,
men eg må vera slik dei trur!
Så hende det ein vakker dag
at allting fekk eit anna lag.

Igjennom veggen høyrde eg
at nokon tala godt om meg.

Eg ville ikkje lyde på,
men stilte meg så lett på tå-
og høyrde, før eg smeit meg ut:
" Han er så grei og gild ein gut!"

Eg kvakk litt til, men vart så
glad
då eg fekk høyra kva dei sa.

Eg gøymde meg og stod og gret,
men alt ikring vart ljost på let.

Og midt i gråten tenkte eg,
at når dei trur *så* godt om meg
då skal eg jammen syna dei
at eg kan vera god og grei.

Dei godord gjorde dagen bjart
-Å du, kor hjartevarm eg vart!

Jan-Magnus Bruheim

